

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	25.10.2022
Vår referanse	2022/84723-2
Dykkar referanse	19/188 - 22/7245
Sakshandsamar	Cathrine Gunn Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

Fråsegn til mindre reguleringsendring - Rørdalen hyttefelt - Stordalen - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 14.09.22 om høyring av forslag til mindre reguleringsendring for Rørdalen hyttefelt i Stordalen. Hovudføremålet med endringa er å tilpasse regulerte føremål innanfor plangrense, auke p-plass-areal og endre føremål H2 (fritidsb.-fritt) til HK2 (fritidsb. – kons.) i reguleringsplan godkjent i Masfjorden kommunestyre den 31.10.2013.


Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiring.

Vurdering

Friluftsliv (regionale friluftsområde, <http://fylkesatlas.no>)


Vestland fylkeskommune står kommunen sine vurderingar når det gjeld meir konsentrert utnytting av areala som er regulert til fritidsbustad. Vi vil likevel peike på at balanse mellom bruk og vern er viktig med tanke på arealbruk, naturmiljø og attraktivitet for friluftsliv, og at arbeidet vidare legg til rette for skånsam utbygging. I saka argumenterer ein med at sal av tomter er avgjerande for Stordalen Fjellstove sin økonomi og eksistens. Dette er ikkje eit berekraftig utvikling i lengda, då ein bygger ned naturkvalitetar og grunnlaget for friluftsliv og attraksjon i området.



Området er kartlagd (ID FK00026385) som «ganske utbygd» og vurdert som «svært viktig friluftsområde».

Vassforvalting

Slik vi vurderer det er plankartet er ikkje i samsvar med kartgrunnlaget i fylkesatlas, og det er difor vanskeleg å vurdere eksakt plassering av dei ulike arealføremåla. Slik fylkeskommunen tolkar plankartet startar H2 i sørvestre hjørnet av MK, og i så fall ligg også H2-arealet ut i elva.



Elva i Røyrdalen har fleire løp ned mot Stordalsvatnet. Ut frå flyfoto ser det ut til at det er det nordlege løpet som i dag er hovudløpet med mest vassføring. Det ser ut til at planen legg opp til å legge igjen det nordlege elveløpet. Dersom ein ikkje skal fylle ut bør det synleggjera i plankartet.

Fylkeskommunen vurderer at det er svært uheldig å fylle igjen elveløp og bygge ut i slike område. Flaumkapasiteten vert redusert og det vil redusere det biologiske mangfaldet i og ved elveløpet. Dersom dette elveløpet vert avstengt vil det kunne verte nødvendig å sikre nedre del av elva og det må vere ei kantsone med vegetasjon ned mot vassdraget. Dette må også visast i plankartet. Dette er også uheldig, då det vil føre til ytterlegare tap av vassrelatert biologisk mangfald. Vi vil difor rå i frå den nye plasseringa av H2.

Føresegnene, § 20 seier: *I og langs elva kan det etablerast tiltak mot flaum.* Dette bør gjerast klarare, og ein bør heller ha ei føresegn med omsynssone langs vassdrag med kantvegetasjon.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til endringa av reguleringsplanen når det gjeld friluftsliv, og rår ifrå delar av planframlegget (H2) med bakgrunn i omsyn knytt til vassforvalting. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Gunn Grasdal
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:
Kari Bjørndal – INN – Naturressursar, landbruk og reiseliv

Kopi til:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2